

## Helsefelleskap Møre og Romsdal



### Referat

**Møte/utvalg:** Strategisk samarbeidsutvalg  
**Møteleiar:** Mona Ryste  
**Referent:** Bodil Haugen Våge  
**Møtenummer:** 2/2022  
**Dato:** 23.03.22  
**Tid:** 09.00 – 13.00  
**Stad:** Teams

*Varamedlemar møter berre ved særskilt innkalling.*

Namn	Tittel	Møtt
<b>LSU Volda</b>		
Renathe Rossi-Kaldhol	<b>Leiar LSU Volda</b> Kommunalsjef Herøy kommune	Ja
Mona Ryste <i>Leiar Strategisk samarbeidsutval</i>	<b>Nestleiar LSU Volda</b> Rådgjevar Klinikkk Volda sjukehus	Ja
<b>LSU Ålesund</b>		
Siri Talseth-Frilund	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef Medisinsk avdeling Ålesund sjukehus	
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	Ja
<b>LSU Molde</b>		
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef medisin Molde sjukehus	Ja
Tanja Thalèn <i>Nestleiar Strategisk samarbeidsutval</i>	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	Ja
<b>LSU Kristiansund</b>		
Ingeborg Johnsrud Dyrnes	Leiar LSU Kristiansund Kommunalsjef helse, Smøla kommune	Forfall
Kjell Åsmund Bryn	Nestleiar LSU Kristiansund Seksjonsleder BUP Kristiansund klinikkk SNR	Forfall
<b>Brugerrepresentant kommune</b>		
Helge Hansen	PROFO (Prostatkreftforeningen)	Ja
<b>Brugerrepresentant helseforetak</b>		
Paula Næss Skår	Leiar Brukerutvalget HMR	Ja
<b>Fastlege/PK</b>		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR	Ja
<b>Fast vara fastlegar/PK</b>		
Thilde Svela	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	-
<b>Observatør Statsforvaltaren</b>		

## Helsefelleskap Møre og Romsdal



### Referat

Kjersti Bakken (vara)	Ass. Direktør Helse- og sosialavdelinga	Grete Teigland
Felles samarbeidssektretariat		
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR, leiar Felles samarbeidssektretariat	ja
Alf Reistad	Romsdal Regionråd dagleg leiar (ROR), nestleiar Felles samarbeidssektretariat	ja
Bjørn Buan	Nordmøre interkommunalt politisk råd (IPR) kommuneoverlege Surnadal Kommune	ja
Bodil Haugen Våge	Nordre Sunnmøre Rådgjevar Ålesund kommune, felles samhandlingsressurs Nordre Sunnmøre	ja
Oddvar Marøy	Søre Sunnmøre, stabsleiar tildeling og koordinering Ørsta kommune, felles samhandlingsressurs Søre Sunnmøre	ja
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	ja
Britt Valderhaug Tyrholm	Spesialrådgjevar, samhandlingsseksjonen HMR	ja

### Saksliste

Sak nr.	Sak	Ansvarleg
11/22	Velkomen Godkjenning av innkallinga <b>Referat:</b> Godkjent	Mona Ryste
12/22	Godkjenning av referat fra forrige møte Sjå referatet <a href="#">HER</a> <b>Referat:</b> Godkjent	Mona Ryste
13/22	Nasjonal helse og sjukehusplan – innspel frå Helsefelleskap M&R. <b>Referat:</b> Syner til vedlagte dokument. Bjørn Buan går gjennom samandraget i innspelet til NHSP. I forhold til kulepunkt 9 i samandraget får Bjørn Buan og Bodil Haugen Våge i mandat å reformulere punktet i meir generelle vendingar knytt til dei ulike utdanningsinstitusjonane i fylket og dette med behov og planar for meir desentraliserte utdanningsforløp innan sjukepleie- og legeutdanningane. Ift Spørsmål 2: Inkludere følgande: Vidareutvikle eit godt samspel med avtalespesialistane.	Bjørn Buan


**Referat**

	<p>Det er behov for å styrkje forløpskoordinatorrolla i pasientforløpa.</p> <p><b>Vedtak i saka:</b> Strategisk samarbeidsutval sluttar seg til utkast til innspel til Helse- og omsorgsdepartementet om ny Nasjonal helse- og samhandlingsplan, med dei endringar som framkom i møtet.</p>	
14/22	<p>Nasjonalt pakkeforløp Heim for pasientar med kreft.</p> <p><b>Referat:</b> Tanja Alme har vore medlem av arbeidsgruppa nasjonalt og er no med i implementeringsgruppa for forløpet og presenterer arbeidet som har pågått nasjonalt. Det er laga ein implementeringsplan. Stikkord: <i>sikre god struktur og logistikk, trygghet og forutsigbarhet.</i> Helsedirektoratet er opptekne av at ein forankrar implemteringa i Helsefelleskapet og at ein bygger på dei strukturane og systema som er i bruk. Grete Myklebust Gjesdal presenterer eit arbeidsdokument og ei skisse til eit forløp for Ålesund kommune. Forløpskoordinator Kreft er etablert i kommunen og skal ha ei rolle i dette forløpet i regi av Verksemd for tildeling og koordinering. Dette vil omhandle samhandlingspunkt 2 og 3 i forløpet og ein vil ta utgangspunkt i Helsedirektoratet sin eigen IPLOS rettleiar. Gunnar Indrebø set fokus på samhandlingspunkt 1 som skal gjennomførast i spesialisthelsetenesta. Det vert diagnostisert om lag 1750 nye krefttilfeller av ulike typer, alvorsgrad og aldersfordeling pr år fordelt på 15 ulike avdelingar i dei fire sjukehusa i helseføretaket. Det blir viktig å planlegge for når samtalar skal gjennomførast og av kven. Det vil bli gjennomført eit pilotprosjekt i kreftavdelinga der ein sosionom vil gjennomføre samtalen. Presentasjonane blir delt med SSU.</p> <p><b>Innspel frå SSU:</b> Dei med residiv/tilbakefall vil bli inkludert i pakkeforløpet på nytt. Viktig å få på plass e-meldingsutvekslinga på ein god og samordna måte. Målet er at alle skal ha tilbod om å delta i pakkeforløpet å få tilbod om samtalar. Det viktig å ha eit blick for korleis dette verkar inn på tenestetilbodet og ressursforbruket i kommunane, samt korleis dette verkar inn på det samla ressursforbruket i den enkelte kommune.</p> <p><b>Vedtak:</b> SSU tek saka til orientering. SSU ber LSUane følger opp innføringa av pakkeforløp kreft heim for egne kommunar, fastlegar og i forhold til det sjukehuset lokalt.</p>	<p>Tanja Alme Grete M. Gjesdal Gunnar Indrebø</p>



## Referat

<p>15/22</p>	<p>Revisjon og implementering av handlingsplanane frå faglege samarbeidsutval – Sak.</p> <p><b>Referat:</b></p> <p>Det er gjort eit godt arbeid ift saksførebuinga.</p> <p>Punkt 1 vedteke utan kommentar.</p> <p>Punkt 2 vert å sjå som rettleiande for vidare arbeid.</p> <p>Punkt 3 er i samsvar med gjeldande mal for handlingsplanar.</p> <p>Punkt 4: Det er gjort vedtak i 26 kommunestyre ift Samarbeidsavtalen og denne er bindande, også ift dei 12 faglege samarbeidsutvala.</p> <p><b>Vedtak:</b></p> <p>1. SSU har vurdert at årleg revidering av 12 handlingsplanar ikkje er teneleg med tanke på å vareta fokuset som bør leggest til kvart fagområde.</p> <p>Mandatet til dei faglege samarbeidsutvala vert endra slik :</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- handlingsplanar skal reviderast annankvart år</li> <li>- faglege samarbeidsutval har ansvar for gjennomføring av godkjende handlingsplanar</li> </ul> <p>2. Revidering av dei 6 første handlingsplanane treng etter slik plan ikkje gjerast før januar 2024</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Multisjuka og palliasjon</li> <li>- Barn og unge</li> <li>- Psykisk helse og rus</li> <li>- Akuttmedisinske kjede</li> <li>- Rehabilitering</li> <li>- Helseberedskap (Fagleg samarbeidsutval for beredskapsplanar endrar namn til Faglege samarbeidsutval for helseberedskap)</li> </ul> <p>Dei neste handlingsplanane vert satt opp for revisjon i 2025</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Helsefremmende og forebyggende arbeid</li> <li>- Vaksenhabilitering</li> <li>- Svangerskap, fødsel og barselomsorg</li> <li>- Behandlersamarbeid</li> <li>- Kunnskapsoverføring, forskning og utdanning og praksiskonsulentordning</li> <li>- IKT-løsning og elektronisk samarbeid</li> </ul> <p>3. SSU ber om at utarbeiding av mål og tiltak vert utforma med tanke på å kunne rapportere på måloppnåing med konkretisering av</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- kva som skal gjennomførast</li> <li>- når tiltak skal gjennomførast</li> <li>- kven som skal utføre tiltaket</li> </ul> <p>4. SSU ber om at det til møte i SSU 14/9 vert gjort ei vurdering av behovet for tal samarbeidsutval i samarbeidsstrukturen og korleis helsefelleskapet skal implementere arbeidet med dei 4 nasjonale satsingsområda;</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- barn og unge</li> </ul>	<p>Oddvar Marøy</p>
--------------	--	---------------------

## Helsefelleskap Møre og Romsdal



### Referat

	- personer med alvorlige psykiske lidelser og rusproblem - skrøpelige eldre - personer med flere kroniske lidelse	
	Eventuelt	